

GLØD

MEDLEMSBLAD FOR SURNADAL IL. #2 2014

ØYSTEINS CORNER :
- Idrettslaget si
samfunnsrolle s. 2

NY STYRELEIAR OLA
MOGSTAD:
Med hjartet i Surna-
dal IL s. 4

MINNER:
DA KLANEN KOM TIL
SURNADAL -Klanen
sitt eige referat . s. 6

TETT PÅ:
ALLIDRETT -
Einar Bergheim leiar
allidretten. s 8

FOTBALL:
Rekordstor Norway
Cup s.12



#2 2014



Foto: Jörg Brunke



Gjensidige
Surnadal



-CONSTO

IDRETTS- LAGET

Samfunns-
rolla



OYSTEINS
CORNER

Dagleg leiar:
Øystein Hjelle Bondhus

Epost: ohb@surnadalil.no

Mobil: 926 98 080

www.surnadalil.no

Følg oss på



Med over 1000 medlemmar og 11 ulike grupper er Surnadal IL ein stor aktør i lokalsamfunnet i Surnadal, og bidreg til at mange får bruke fritida si på det dei trivst aller best med. Men kva andre oppgåver har eit idrettslag i samfunnet det er ein del av?

Eg var så vidt innom det i leiaren i den første utgåva av «Glød», der eg mellom anna skreiv at «Eit idrettslag skal vere ein identitetsskapar i lokalsamfunnet, og skape eit samhald ein skal kunne vere stolt av å vere ein del av». Det siste såg vi i praksis under Norway Cup, som vi har ei oppsummering av i denne utgåva. Sjeldan har så mange blåkledde nordmøringar vore så ivrige etter å vise fram kvar dei kjem frå, og eg, og mange med meg, var stolte av den identiteten vi delte, med

idretten som felles referansepunkt.

På kva andre måtar kan idrettslaget utøve samfunnsrolla si? I tillegg til å skape lokal identitet og legge til rette for aktivitet vil eg i denne omgangen nemne to ting: idrettslaget som arena for integrering og idrettslaget som arrangør og reiselivsaktør.

ringsspørsmål. Surnadal IL har gjennom kontakt med vaksenopplæringa oppretta eit frivillig fotballtilbod for flyktningane, og etter plana skal dette utvidast til fleire idrettar.

Vi har og ei innebandygruppe i stadig vekst, som no er oppe i 27 aktive medlemmar. Eg har hørt somme omtale inneban-

rar til å bli kjend med både surnadalingar og andre innflyttarar. Med åtte spelarar frå Latvia, fire frå Sverige, tre frå Østlandet, ein frå Nord-Trøndelag, ein frå Aure og 10 frå ulike plassar i Surnadal er det ein integreringsarena så god som nokon i lokalsamfunnet vårt. Innebandyen har klart å nå ein del folk

#SJELDAN HAR SÅ MANGE BLÅKLEDDER NORDMØRINGAR VORE SÅ IVRIGE ETTER Å VISE FRAM KVAR DEI KJEM FRÅ, OG EG, OG MANGE MED MEG, VAR STOLTE AV DEN IDENTITETEN VI DELTE, MED IDRETTE SOM FELLES REFERANSEPOINT.#

Når det gjeld integrering sitt eg sjølv i kommunen si referansegruppe for det interkommunale bulyst-prosjektet «Sjekk Nord-møre – med fokus på vertskap og integrering», for å sikre at idrettslaget er på bana i integre-

dyen nærast som «gubbe-
trim», men la oss i staden sjå på den viktige funksjonen denne gruppa har i bygda vår: i tillegg til betra psykisk og fysisk helse gjennom aktivitet er innebandygruppa ein super arena for innflytta-

som elles kanskje hadde stått utanfor idretten, og som no har fått ein arena både for fysisk aktivitet og sosialt samvær. All ære til Rickard Larsson og den samansette innebandygruppa vår for dette.

Dette går litt på noko



Foto: Mari Vattøy

Sponsor i #2



Sponsor i #2



*Molde i cupen - heime på Syltøran!
Da kjenner du at du er Surnadaling*

anna eg var innom i førre «Glød»:

«Om du har vore surnadaling frå du var fødd, eller om du kom flyttande førre helg – det spelar inga rolle. I Surnadal Idrettslag er du velkommen uansett, og vi skal gjere det vi kan for at du skal få gode opplevingar. For det er det eit idrettslag er for meg. Ei samlande kraft i lokalsamfunnet. Ein organisasjon der folk kan møte andre med felles interesser, om det er å drive aktivt med idrett eller om det er å stå med ein kaffikopp i handa og sjå andre slite seg ut.»

Surnadal IL er ein slik organisasjon, ei slik samlande kraft. Det kan vi vere stolte av.

Den andre tingen eg vil nemne er idrettslaget som arrangør og reiselivsaktør. Vi har i løpet av sommaren og hausten arrangert Nordisk Ungdomsmesterskap i bueskyting med om lag 200 deltakarar frå fem ulike land, 100-års-

jubileumsfest med om lag 150 deltakarar, idrettsleikar i friidrett med heile 29 ivrige barn som deltakarar og Camp Surnadal i handball, med treningsleir, handballskule og showkamp mellom Kristiansund Handballklubb og Strindheim. I løpet av dei neste månadane skal vi mellom anna arrangere romjuls cup i fotball, serierunde i innebandy og ikkje minst IPC World Cup-avslutning på Nordmarka, som går av stabelen i mars. Det skjer mykje i Surnadal IL, og no er store grupper som handball, langrenn og alpint klare for ny sesong, der mange både ungar og vaksne har mykje å glede seg til.

I tillegg gjer arrangementa våre oss til ein viktig reiselivsaktør i kommunen. I samband med NUM, som Surnadal IL arrangerte saman med Idrettsvekst, fekk ungdommar i alderen 13-20 år oppleve kajakkpadling,

filmskaping, rappelling, fjellturar og andre aktivitetar i Surnadal. Dei fekk med andre ord oppleve ulike, fantastiske sider av Surnadal kommune og lokalsamfunnet vi bur i. Promotering av bygda, der altså. Så kan ein tenkje på at dei om lag 500 personane som kom til Surnadal på grunn av NUM 2014 totalt stod for rundt 2000 overnattdøgn. Ein tommelfingerregel er å rekne at folk legg att ca. 2000 kroner per overnattdøgn, noko som vil seie at eit slikt arrangement, inkludert overnatting, shopping, mat og liknande, vil ha ein verdi på fire millionar kroner for bygda. Så kan ein tenkje på at Surnadal IL Bueskyting, saman med Idrettsvekst, tidlegare har arrangert NM med 1500 og 800 overnattdøgn. Legg ein saman dette er desse tre arrangementa åleine oppe i ein verdi på 8,6 millionar kroner, som på ein eller annan måte

blir att i Surnadal.

Dermed er ikkje Surnadal Idrettslag berre med på å promotere Surnadal som reisemål, tilbydar av naturopplevingar eller idrettsaktivitetar, men og med på å bidra til auka omsetning både hos butikkar og overnattingsplassar i kommunen vår. Og dette er vi ikkje åleine om. Surnadal Taekwon-Do Klubb er med dei glimrande gjennomførte sommarleirane sine ein kjemperessurs for kommunen. Idretten blir ein stadig viktigare reiselivsaktør rundt om kring i landet, og dette er tilfelle og her i Surnadal. Vi i Surnadal IL ønskjer å vidareutvikle oss på dette området, og sørgje for at fleire enn våre eigne innbyggjarar får gode idrettsminner frå arrangementet i den vakre bygda vår. Først ut er IPC World Cup-avslutninga på Nordmarka i mars 2015!





MEED

#MÅLET FOR IDRETTSLAGET MÅ VERE Å SKAPE EIT MILJØ DER ALLE HAR DET "GOITT" TIL EI KVAR TID, OG AT ALLE KAN KJENNE PÅ AT DEI TILHØYRER EIT FELLESSKAP. #

Namn: Ola Mogstad
Alder: 56 år
Yrke: Regionsjef i Tine
Sivilstatus: Gift med Lillian, og saman har dei 4 gutar: Tor (31), Ivar (27) og tvillingane Bjørn og Erik (25).
Bur: På Setergarden i Surnadal
Aktuell som: Ny styreleiar i Surnadal idrettslag

HJ I SURNADAL

Lediard foto as

Ny styreleiar: Ola Mogstad

Tekst: Mari Vattøy

Under årsmøtet i april i år, vart Ola Mogstad valt som ny styreleiar i Surnadal idrettslag. Han tok over etter Svein Dalen, som har vore leiar i over 10 år. Ola har sitte som sekretær i hovudlaget sidan 2005, og har før

det mellom anna vore leiar for BUA-avdelinga i fotballgruppa og styremedlem i langrennsgruppa. No er han altså styreleiar for eit aktivt idrettslag på godt over tusen medlemmar.

- Eg tok på meg oppgåva først og fremst fordi eg er oppriktig engasjert i Surnadal IL. Heilt frå vi kom flyttande til bygda i 1988, og gutane vart aktiv i idretten, har SIL betydd mykje for meg. Å vere ein del av eit slik fellesskap er svært verdifullt, seier Mogstad som er glad for at idrettslaget har fått på

plass dagleg leiar.

- Det hadde ikkje vore muleg for meg å sagt ja til vervet som styreleiar utan støtte frå dagleg leiar, Øystein Hjelle Bondhus. No tek han dei administrative oppgåvene, og det gjer arbeidet betydeleg lettare.



RTET IL IDRETTSLAG

Familien Mogstad var tilegare i år samla til familiefotografering på Setergarden. Fotograf Nathan Lediard har teke dette flotte biletet, og vi er så heldige å få bruke det i magasinet vårt! Sjå fleire fine bilete på www.lediardfoto.wordpress.com

Korleis vil du beskrive situasjonen i Surnadal idrettslag slik den er i dag?

- Det er ikkje tvil om at utviklinga i SIL er svært positiv. Engasjement, glød og optimisme er ord som beskriv situasjonen best. Fleire av gruppene i idrettslaget opplever stor framgang, og vi har ein unik bredde både i aktivitet og alder. Vi har faktisk så mange grupper at vi har oppretta eiga allidrettsgruppe som samlar dei minste gruppene. På den måten får vi eit meir handlegkraftig styre. I alle grup-

per ser vi ivrige foreldre og aktive barn. Det er godt å sjå, seier Mogstad.

Fellesskapet viktigast

For den nye styreleiaren står fellesskapet i fokus. – Målet for idrettslaget må vere å skape eit miljø der alle har det "gøitt" til ein kvar tid, og at alle kan kjenne på at dei tilhøyrer eit fellesskap. Hovudlaget arbeider mellom anna med at alle gruppene skal få like overtrekksdrakter. Det ser eg på som eit viktig tiltak for fellesskapet, seier Ola.

- Vidare er målet å sørge for et aktivt idrettslag som

er godt synleg i lokalsamfunnet, og at vi klarer å vise kor viktig idrettslaget er for bygda vår.

Kva for utfordringar står idrettslaget overfor?

- Utfordringa blir å klare å skape det fellesskapet vi ønskjer, og ta vare på den gode dugnadsanda. Det blir òg ei utfordring å få ungane til å vere aktiv. "Opp og ut" er noko alle må arbeide med kvar dag. Eg ser òg at vi har ein jobb og gjere for å byggje lagånd og skape fellesskapskjensle på tvers av gruppene.

- Eit anna viktig arbeid er oppdateringa av medlemslistene, og verving av nye medlemmar til SIL. Vi har nyleg gjennomført ein stor vervekampanje, der vi mellom anna har gått frå dør til dør for å presentere idrettslaget. Vi trur det er eit stort potensiale for å auke medlemstalet vårt, og det er plass til alle. Både dei som sveittar rundt omkring på arenaene, og dei som drikk kaffi på sidelinja, seier Mogstad.



DA

KLANEN KOM TIL

Kven kan vel gløyme denne hendinga! Her gjengjev vi - med deira løyve - Klanen si eiga oppleving av kampen i 1991 mellom Surnadal og Vålerenga . Forbrødring av det merkverdige slaget oppstod der ein minst skulle vente det.

Skrevet av Klanen 31. desember 1991

Allerede da nedrykk for VIF ikke var til å unngå, begynte vi å se på hvem som ville bli motstandere i '91. Navnet Surnadal pekte seg klart ut som det mest eksotiske laget av dem alle.

I vinter ble kampoppsettet ferdig og vi satte igang med produksjon av Hvor f... er Surnadal-trøyer. Ved sesongstart tok vi kontakt med supporterklubbene der opp og undersøkte muligheten for å kunne lage et felles opplegg for begge gruppene av supportere.

09.00 lørdag morgen og det var stor stemning allerede da. Arbeiderbladet hadde sendt forograf of som de samarbeidsvillige folka vi er, stilte vi opp for lagbilde fotografering. Tenk om et på år når vi er 1000 stykker istedet for hundre!

fra Surnadal som tar imot oss som om vi har kjent hverandre hele tivet, men ikke har sett hverandre på de siste åra. På grillen steiker dem kjøtt i mengder og baren er full med en utmerket lokal kaffe-variant som er strøket er kjent for.



Surnadals supporterklubb reiste land og strand rundt i 1991, og var også førsteklases vertskap for Vålerengas supportere Klanen. Haldor Aasbø (t.v.) ønsker Klanens leder Anders Krystad hjertelig velkommen til bygda, og til fest med grilling ved Folkets Hus. Nesten 1800 betalende tilskuere møtte på Syltøran, der Vålerenga vant 3-2.



Buss-turen gikk glimrende, med Rasta-show, signingferd for kongen, Toyshow og ymse anna som alle VIF-fans liker. Eting på Rena med litt mer show og sjølagt de obligatoriske pissepausene. Været oppover begynte å bekymre oss endel. Det plaska ned med regn og planen med grill-party ute på stranda og overnatting ute under åpen himmel, hørtes ikke så veldig bra ut. De få som hadde bestilt rom og campinghytter følte seg riktig smarte, helt til det gikk opp for dem at det ville bli trangt på et tomannsrom hvor 20 skulle sove. Heldigvis hadde Surnadal-supporterne sett hvor det bar med været, og leid folkets hus.

Dette er en skikkelig bygdefest, sånn som vi bare har hørt om, men ikke finner maken til i by'n. Og fordelelen (?) med bygdefester, er at dem aldri tar slutt. Problemet er sjølsagt at baren som ikke stenger, gjør sitt til at folk blir litt slitne til lmatchen. Men hvem tenker på det i en sådan stund? Dessuten hadde jo Fana gjort oss den tjenesten å slå Mjøndalen, så med seier mot Surnadal, ville VIF lede 1. div., Avd. A. Surnadalfansen mente at gutta deres ville spille sitt livs kamp, og at dem slett ikke burde undervurderes. Og vi vet at det er lett å gjøre det med et lag som ikke har tatt mer enn ett fattig poeng hittil i sesongen. Dessuten kjenner vi Vålenga litt for godt til å slappe helt av. Det at et par av Surnadal-spillerne er innom festen, og ikke vil ha en liten tår for tørsten, får oss til å innse at ihvertfall spillerne der oppe tar matchen alvorlig.

At VIF skulle havne i avdeliga på vestlandet, var det aldri tvil om. Som tidligere nevnt, ville dem helt plassert oss på Svalbard, de som bestemmer i Fotballforbundet. Og sjølsagt hadde vi rett, noe som har kostet fansen tusenvis av kroner i reisepenger. Det skal bli godt å komme opp i toppdivisjonen igjen!

Og folka i Surnadal var helt i hundre! Her skulle det bli fest. Vi starta med påmeldinger flere uker før matchen, men Dagbla'-oppslaget om Otta ødela kanskje mer enn noen aner. Likevel var det påmeldt over hundre fans til det vi kalte "Årets tur". Dessuten dro ganske mange opp med egne biler. Avreise fra vårt faste møtested klokka

Dagen derpa, dvs. For dem som i det hele tatt merket at det hadde vært en natt, var det klart for frokost på





SURNADAL

Surnadal hotell. Der kunne man steke sine egne vaffler. Svele hadde dem desverre ikke, men Stein oppfant en ny variant med vaffel, rødbeter, rømme og spekepølser som gjorde inntrykk på alle som satt der. Vi tok oss en tur innom lensmannskontoret, og der var det også bare velstand. Det hadde henta inn 10 ekstra mann fra Kristiansund, men de hadde vært arbeids-løse hele dagen. Ansvarhaverne hadde lovet

at det skulle alle som spurte få høre, og til da hadde det ringt 16 aviser og spurt.

Vi er tydeligvis godt stoff, vi som har hjertet i VIF. Og lese i søndags-Dagblae et oppslag vi kan være stolte av. (Seinere kunne vi lese at det ikke vare var Dagbladet som hadde slått denne solskinnshistorien stort opp. Arbeiderbladet, Aftenposten, Driva og Tidens Krav har alle hatt dekning av turen som VIF-fotaball må føle seg stolte over. En takk til dere alle! Det er topp å havne i avisene for de riktige tinga, og ikke finne dritt om Vål'enga og det såkalte "Apeberget" smurt utover sidene. (Er kanskje Jarlsbo på ferie? Red. Anm.). Opplaget av Søndags-Dagbladet ble ihvertfall utsolgt på ca. 2

minutter.

Klokka to åpnet Surnadals pub, og oppladning til koteket også. Med litt hyggeligere priser. Folk stimet til og forbrødringen var grenseløs. Da Harald dro igang "Vi elsker dere, deilige bønder", var knapt et øye tørt. Og Harald sjøl var i sjokktilstand over det

#DA HARALD DRO IGANG "VI ELSKER DERE, DEILIGE BØNDER", VAR KNAPT ET ØYE TØRT.

han hadde sagt i flere timer etterpå.

Ved femtida var det avgang til banen, Syltæran Stadion. Vi fant våre plasser ved siden av Surnadals-fansen, hengt opp flagga og la Seppo. Banen var våt som en bygdefest, og det skulle ikke kommet så veldig mye mer regn den helga før dommeren hadde måttet utsette kampen. Det kunne blitt dyrt for oss som da hadde blitt igjen på Møre fram til matchen ahdde blitt spilt.

Vi stilte med samme laget som ga bort to poeng mot Fana, og Surnadal-spillerne så riktig tente ut. Det var ny publikumsrekord på Syltæran, og som lokalavisene skrev, folk var ikke bare kommet for å se VIF og Olle Nordin, men også

for å se og høre oss. Vi hadd med T-skjorter og Apestreker, og var sjølsagt utsolgt på et blunk. Det går flere folk rundt i Surnadal med VIF-klanens t-skjorter og merker enn det gjør i Oslo (vel, nesten da).

Matchen åpner i et bra temp, og det varer ikke lenge før det smeller i

treverket bak Tomas. Han ser ut til å like å stå på halvdistanse. Dessuten har han sans for å leke bekk litt vel ofte, både etter vår og Olle's smak. Men egentlig er det samma., vi tar ledelsen ved Are, som forøvrig gjør en meget bra kamp. Løberg gir et par av sine berømte tilbakespill, du vet de som stopper hjertet ditt i ett minutt eller så. Vanet på banen skaper endel morsomme situasjoner, og Surnadal scorer på en lobb over Gill. Nydelige mål, forøvrig.

Linjemannen på vår side gjøre jobben sin helt OK, men klarer ikke å skjule at han er Surnadal-supporter. Han glemmer seg helt og jubler når dem scorer. Vi lager mål igjen, denne gangen ved Jamo som er helt i

dag. Are vil ikke at all oppmerksomheten skal dreie seg om andre og lager et til. Surnadal vil ikke at folk skal tro det er så stor forskjell på topp og bønn i vår divisjon, og lager pinadø ett til dem også.

Og de siste minuttene har dem faktisk sjansen til å utligne et par ganger. Men

Sponsor i #2

"Surnadal IL gir opplevelser på bane og sidelinje som har gitt glede i mange generasjoner. Klart vi er med!

*Liv Dalsegg,
Surnadal Sparebank*



hell og dyktighet er det som kjennetegner et lag i medgang, og vi vinner fortjent. Vi gir premie til dagens helt, som er Jamo. Han fortjener den den gangen. (Egentlig burde vi hatt to, en til Are også, men valget falt på Jamo.)

Vi sier takk for oss og en utrolig vellykket helg. Vi gleder oss til dem kommer nedover igjen, og håper vi trekker dem i semifinalen i cupen neste år. Som en siste topp på turen, viser spillerne til VIF hva dem egentlig mener om oss. Takk til dere alle sammen!!!!!!





LEIAR ALLIDRETTE

Einar Bergheim

I mai vart Einar Bergheim valt til aller første leiar i Surnadal IL si nyoppretta Allidrett-gruppe. – Eg trur det er ein gjensidig nytteverdi for dei mindre gruppene i ei slik organisering, seier 46-åringen.

På årsmøtet i april vart det vedteke ei strukturendring i organisasjonen Surnadal Idrettslag. Fram til då hadde idrettslaget sine ulike idrettar vore organisert i ni ulike grupper, i tillegg til at Innebandy låg organisert under Trimgruppa og Turn under hovudlaget. Etter årsmøtet består idrettslaget no av fem hovudgrupper: alpint, fotball, handball, langrenn og allidrett. Desse fem møter i hovudstyret saman med leiar Ola Mogstad, nestleiar Toril Storrøsæter, styremedlem Svein Dalen og dagleg leiar Øystein Hjelle Bondhus, som har ein sekretærfunk-

sjon i styret.

Allidrettgruppa konstituerte seg like etter årsmøtet, og er ein paraply for barneidretten, bueskyting, friidrett, innebandy, trim, turn og volleyball. Einar Bergheim frå friidrettsgruppa vart valt til leiar, med innebandygründer Rickard Larsen som nestleiar. Med seg i styret har dei John Ingebrigt Gjerstad (Barneidrett), Ronny Edvardsen (Bueskyting), Liv Rønning (Trim), Berit Blomstrand (Turn) og Ingrid Bergheim (Volleyball). Saman ønskjer dei å få til meir samarbeid på tvers av gruppene sine.

Satsa på friidrett

Einar Bergheim er oppvaksen på nordsida på Tellesbø, eller rettare sagt Bergheim. Han har drive med idrett frå ung alder av, og fann tidleg ut at det var friidrett som var tingen for han.

– Eg var så vidt innom handball, og var med på eit par fotballtreningar.

Det dreidde seg likevel hovudsakeleg om friidrett, og eg heldt på aktivt til eg flytta frå bygda som 17-åring, fortel Bergheim, som først og framst var diskoskastar, med sleggekast og kulestøt som andreprioritetar. Dei personlege rekordane låg på om lag 40 meter både i diskos og slegge.

– Men sjølv om eg satsa mest på diskos var det sleggekast eg tykte var artigast, og eg deltok faktisk i uoffisielt NM for 17- og 18-åringar i sleggekast.

Arko-leikane, som det heitte, vart arrangert på Raufoss, og Einar hugsar arrangementet godt.

– Ja, for det gjekk frykteleg dårleg, ler han, og legg til:

– Eg var seint utvikla i forhold til konkurrentane, hadde eg berre hatt tålmod kunne eg nok gjort det ganske bra.

Heimatt til bygda

Etter at Bergheim flytta frå

bygda var han heilt vekk frå idretten i minst 15 år, sett bort i frå at han var handballkeeper i studietida ved skogskulen på Brandbu. Sidan følgde fleire år ved andre skular og i andre jobbar utanfor bygda, før det vart heimkomst til Surnadal.

– Eg kom flyttande frå Trondheim og tilbake hit att i 2003, seier Einar, som ikkje lenge etter vart rekruttert inn i friidretten igjen.

– Tidleg ein morgon treftest Norunn Næss Bolme og etter at vi begge hadde levert ungar, og då spurte ho om eg kunne tenke meg å vere med å hjelpe til i friidrettsgruppa ho og mannen Kjetil nettopp hadde drege i gong igjen, seier Einar, og fortsett:

– Eg tenkte då at friidrett var noko eg kunne få med ungene på, men det klarte eg ikkje. Det vart kulturskulen på dei, med dansing og musikk. Eg har likevel vore med Norunn



Sponsor i #2

PIPELIFE 

og avlasta henne, både som trenar og når det gjeld møteverknad.

Treng fleire vaksne

Friidrettsgruppa har denne sesongen trent to gonger i veka, tysdagar og torsdagar. Bergheim fortel at gruppa gler seg enormt til å få på plass ei utstyrsbod på Øye stadion, slik at dei slepp å dra alt utstyret fram og tilbake frå gong til gong.

– Då vil vi og få investert i mykje betre materiell. Samtidig vil det verte heilt

#EG BLIR JO PÅ EIN MÅTE SOM EIT TROLL MED SJU HOVUD NO NÅR EG SKAL REPRESENTERE ALLIDRETTE I HOVUDLAGET#

annleis på Øye den dagen vi får på plass tribuner, det kan fleire idrettar nytte godt av, seier Einar, som fortel at det største ønsket friidrettsgruppa har er at det kjem til fleire både ungar og vaksenpersonar som kan bidra.

– Ja, vi håpar at det etter kvart kjem endå fleire ungar, og i tillegg fleire vaksenpersonar som kan bidra, slik at tilbodet vi gjev kan bli endå be-

tre. Det kan vere å hjelpe til med enkle oppgåver, som å halde målband, grave opp lengdegropa og liknande.

Bergheim fortel at han trur folk generelt er litt redde for å gje ei idrettsgruppe veslefingeren.

– Poenget er at dersom ein er fleire som hjelper til, treng det ikkje vere slik at vi tek heile handa.

29 ungar på idrettsleikar

Bergheim seier at Surnadal IL Friidrett har eit godt

opplegg på gang når det gjeld samarbeid med naboklubbar. Gjennom Friidrettsvekt Nordmøre skal det arrangerast månadlege treningsksamlingar gjennom vinterhalvåret i tillegg til treningsstevna, også dei månadlege, ein arrangerer om sommaren. Dette samarbeidet er ope for alle klubbar på heile Nordmøre.

I august arrangerte friidrettsgruppa DnB Idrettsleker for dei minste, og heile 29 ungar deltok. Einar var med som ein av instruktørane.

– Idrettsleikane var ei flott mulegheit til å rekruttere og vise fram til både ungar og foreldre kva vi held på med. Vi håpar at dei friidretten fell i smak hos kjem att.

Har tru på modellen

I tillegg til å vere aktiv i friidretten er Einar Bergheim no altså leiar i Surnadal IL Allidrett. Kva tenkjer så den nye leiaren om omstruktureringa?

– Det har gjort hovudstyremøta meir stabile, og vi har meir kontinuitet i hovudlaget no. I tillegg trur eg det er ein klar, gjensidig nytteverdi for dei mindre gruppene med eit slikt samarbeid vi no legg opp til. Eg har trua på denne modellen, seier Bergheim, og legg til:

– Denne måten å organisere allidretten på vil nok føre til meir samarbeid på tvers av gruppene. For friidretten sin del er det til dømes eit stort potensial i samarbeid med turn

og barneidrett. Det kan vere snakk om å utveksle arbeidskraft når gjeld arrangement eller trening, i tillegg til nyttig utveksling av erfaringar.

Han innrømmer at han likevel er spent på sin eigen rolle.

– Ja, eg blir jo på ein måte som eit troll med sju hovud no når eg skal representere allidretten i hovudlaget, ler han.

Artig å vere med på

Verken Einar eller ungene hans er per dags dato aktive utøvarar i friidrettsgruppa, så kva er det som motiverer Einar Bergheim til å bidra så mykje som han gjer i Surnadal Idrettslag?

– Først og fremst fordi det er veldig artig å vere med på dette, for eg er genuint sportsinteressert. Sjølv om verken eg eller ungene mine er aktive utøvarar har eg veldig lyst til at vi skal ha ei velfungerande friidrettsgruppe i Surnadal, for eg tykkjer det er så fin ein idrett. Med det mangfaldet av øvelsar vi har i friidretten trur eg at vi kan treffe dei aller fleste, seier Einar.



Tur til Høgberget
04.05.2014



**100 ÅR MED
IDRETTSGLEDE**

Alle foto: Jörg Brunke

Surnadal Sparebank-tur
til Lerbrua 01.06.2014





Svorka-tur til Ranessetra
15.06.2014

GLIMT FRÅ BARNREIDRETT



Tur til Vindøldalen
25.05.2014





G14 blei puljevinnar i innleiande rundar

REKORD

G 19: Sven Ranes mot Holmlia.



Heile sju Surnadal-lag og snaue 100 spelarar deltok i sommar i Norway Cup. Her er ei oppsummering av veka i hovudstaden.

Få dagar før avspark i Norway Cup kom det fram at det var framsett terrortruslar, der Noreg var nemnd spesifikt. Det vart difor ei spesiell oppladning til det som skulle vere, og til slutt heldigvis

NORWAY

vart, sommarens store fotballoppleving. Etter nøye vurderingar og mange og lange diskusjonar, kom vi fram til at vi sende laga våre nedover. Dette på bakgrunn av råd frå politiet, som igjen kom på bakgrunn av PST si trusselvurdering.

rundt kvar einaste Surnadal-kamp. Lokalpatriotismen og klubbidentiteten blomstrar verkeleg i slike samanhengar, og reint subjektivt sett: jaggu har vi då og god grunn til å vere stolte av å vere surnadalingar og representantar for Surnadal IL!

Med unntak av eit klart opprusta politikorps både på Ekebergsletta og elles i Oslo, vart Norway Cupveka akkurat slik vi kjenner den: full av idrettsglede, sosialt samvær og gode opplevingar, hovudsakelig i strålende vêr. Vi deltok med G19 (samarbeid med Rindal), G16, G16 2 (samarbeid med Kvass/Ulvungen/Søya/Todalen), G14, G13, J16 og J14, og saman med foreldre, slekt og venner sørgja laga for ei vakker, blåfarga ramme

G19

G19 kom i det som må ha vore dødens gruppe i Norway Cup, men starta likevel med å slå Geilo/NTG 1 1-0. Deretter vart det tap for eit svært godt Holmlia, for eit mulegens endå betre Tynset vart for sterke, og vann 3-0 mot våre gutar. For å illustrere kor god motstanden var: Geilo/NTG 1 kom heilt til finalen i B-sluttspillet, Holmlia til semifinalen i A-sluttspillet, medan Tynset tapte



Ramme alvor: Aller første kamp for Surnadal i Norway Cupo 2014 - Surnadal J 16 mot The Door Albania

DSTOR Y CUP

Sponsor i #2

-CONSTO

knepent 2-3 mot vinnaren av heile turneringa – Kampala Junior Team, i åttandedelsfinalen. Surnadal/Rindal G19 gjorde det og bra i B-sluttspølet, med seirar over Årvoll (2-

slutt tapte semifinalen i A-sluttspølet 0-1 mot vinnarane Pequeninos Do Jockey frå Brasil. Dei raude, kvite og blå frå Oslo vest, som hadde med seg Stig Inge Bjørnebye på

#SAMAN MED FORELDRE, SLEKT OG VENNER SØRGJA LAGA FOR EI VAKKER, BLÅFARGA RAMME RUNDT KVAR EINASTE SURNADAL-KAMP.#

0) og Tynset 2 (2-1 etter ekstraomgangar), før det i kvartfinalen vart ein bitter exit med 0-1 mot Rustad i ein jamn kamp.

G16

G16 starta Norway Cup på beste mulege vis, då dei knuste Sotra heile 4-0 i sin første kamp i turneringa. Dessverre var dei så uheldige at dei kom i pulje med Lyn 1, som til

sidelinja, vann 4-0 over Terje Solem sitt Surnadal i andre puljekamp. Men om Lyn vann kampen på bana, tapte dei så det song etter på tribuna. Anført av ein strålende opplagt Baard Løfaldli kunne G16 nemleg skilte med Norway Cups kanskje beste supportersongar. I tredje og siste puljespel kunne G16 sikre avansement til A-sluttspølet med seier over Skarp, men oppgjeret



G16: Samarbeidslaget KUST/Surnadal

enda 0-0, og dermed gjekk Skarp vidare på målforskjell. I B-sluttspølet spelte Surnadal så 1-1 mot Åsane 3, men rauk dessverre ut etter ein nervepirrande straffesparkkonkurranse.

J16

J16 opna mot eksotisk motstand då dei møtte The Door Albania frå, ja, nettopp: Albania. Jentelaget, som spelar 11er-fotball i seriespølet her

opna på beste vis, med ein knusande 7-2-seier over Bryne på Abildsøfeltet. I åttandedelsfinalen møtte jentene Hødd 2, som for øvrig var klart betre enn Hødd 1. Her vart det dessverre eit relativt forten 0-3-tap, mot eit lag som seinare tapte A-finalen 1-2 for sunnmørskollega Herd 1. Dermed kom J16 til 1/8 i A-sluttspølet for andre år på rad, ein kjempeprestasjon!





G16: Frikk H. Talgø og lagkamerater jublar etter scoring mot Sotra

G13-jubel

G16-2

G16 2 er, som G19, eit samarbeidslag. Vi har i heile år samarbeidd med Kvass/Ulvungen, Søya og Todalen om eit ellevarlag, og gutane tok naturlegvis og turen til Norway Cup. Tre gjestespelarar frå Rindal IL deltok og på samarbeidslaget i turneringa. Laget opna med 0-2-tap for KFUM 2, før det vart 0-5 for eit godt Fjellhamar-lag, i ein kamp som lenge var jamnare enn resultatet til seier. I tredje kamp vart det 0-1 for Hafslø/Aurland, og dermed vart det B-sluttspel på G16 2. Der vart det dessverre 0-2-tap for eit Gol-lag som seinare slo ut

både Eidanger og Flå/Lundamo/Hovin 2 før det vart stopp mot Bærums Verk/Hauger. Sjølv om det dessverre ikkje vart så mykje å juble for på bana, vart opphalde i Oslo ein stor suksess utanfor. Laget bestod altså av spelarar frå ikkje mindre enn seks klubbar, og samarbeidet førte til mange flotte opplevingar for laget.

G14

G14 feia gjennom pulja si med tre strake seirar, og knusande 18-1 i målfor-skjell. Laget opna med 6-1 over Gjekstad/Østerøya/Helgerød, som til slutt vart nummer to i gruppa og

dermed gjekk til A-sluttspel. I kamp to vart det målfest og 9-0-seier mot Tertnes 2, før det vart 3-0 over Falkeid i siste kamp. I første kamp i A-sluttspelet

etter åtte seirar av åtte mulege, så nivået på motstanden var det lite å seie på. Sørendingane gjekk tidleg opp i leiinga, men Surnadal slo raskt tilbake.

#LAGET BESTOD ALTSÅ AV SPELARAR FRÅ IKKJE MINDRE ENN SEKS KLUBBAR, OG SAMARBEIDET FØRTE TIL MANGE FLOTTE OPPLEVINGAR FOR LAGET.#

møtte dei Søgne, og det vart ein jamn og spennande kamp, med surnadalingar tett-i-tett langs sidelinja. Søgne vart nyleg krona til kretsmeistrar for G14 i Agder fotballkrets

Det same gjentok seg etter pause, men tredje gongen Søgne tok føringa klarte ikkje våre gutar få ballen i mål, trass sterkt press mot slutten av kampen. Dermed vart det eit surt



Varme dagar i Oslo krev kreative løysingar på sidelina



J14



Uvurderleg støtte!



J16

2-3-tap for laget som vann Hydro Cup tidlegare i år.

J14

J14 har gjort det bra i serien i år, og følgde opp innsatsen i Norway Cup. Turneringa starta med 6-4-seier over Hedalen, før Sogndal vart slått 4-3 i andre puljekamp. I tredje og siste kamp vart det 2-5-tap mot sterke Mauseidvåg og Solevåg, som til slutt kom til 1/8-finale i A-sluttspillet der det vart tap mot Åheim. Trass tapet vart det likevel eit fortjent avansement til A-sluttspillet som puljetoar for våre jenter. Der møtte dei Oppdal, og dessverre for

oss vart det 0-2-tap mot laget som i neste runde tapte på myntkast for Sunndal. Dermed var Norway Cup-eventyret over for J14, som likevel kan vere godt fornøgd med ei solid turnering.

G13

G13 fekk ein tøff start på Norway Cup då dei tapte 0-7 mot Stegberg, men Rolv Lysø sitt mannskap skulle verkeleg vise seg å slå tilbake seinare i turneringa. I andre puljekamp vart det 2-1-seier over Herøya, før ein ny, tøff kamp venta. Motstandar var tyske Wittmund, som er det beste G13-laget i

ein by med om lag 20 000 innbyggjarar. Dei hadde slått Herøya 17-0 i sin første kamp, og vart eit par nummer for store og for Surnadal, som måtte sjå seg slått med 0-13. Wittmund kom til slutt til 1/8-finalen, der det vart tap for ein anna tysk lag, Vaalserquartier FV. Seieren over Herøya gjorde at SIL vart nummer tre i gruppa, og B-sluttspillet viste seg å bli eit eventyr for våre gutar, som og hadde med seg to tolvåringar. Utover i sluttspillet vart det nesten tomt for innbyttrar på grunn av sydenferiar og liknande, utan at det unge laget let det stoppe seg. Først vart det 1-1 mot Rival og seier

på myntkast, og deretter vann G13 1-0 over Skjåk. Dermed var gutane klare for kvartfinale! Der vart dessverre Borg for sterke, og vann 3-0, men Surnadal G13 hadde uansett levert til 20 i stil!

Norway Cup var, i år som tidlegare år, ei fantastisk oppleving for både spelarar, foreldre og støtteapparat, og framstår som ein viktig sosial arena for fotballfamilien i Surnadal IL.

Turneringa skapar gode minner og relasjonar både på og utanfor bana, og med stadig aukande deltaking frå vår side vart 2014 eit nytt kjempeår på Ekebergsletta.



Sponsor i #2



Gjensidige
Surnadal

SIL gjorde det skarpt under NM i bueskyting i september: Steinar Hølås (i midten) vann gull og Ronny Edvardsen (t.v.) sølv i Barebow 3D. Steinar, Ronny og Erik Meisingset (t.h.) vann og gull i same klasse i lagskyting.



Unge bueskyttarar frå heile norden tok turen til Surnadal og Nordisk Ungdomsmesterskap i bueskyting i sommar. Om lag to hundre skyttarar i alderen 13-19 år gjorde opp om medaljane, og mange av dei var i kommunen ei heil veke.



Det var som vanleg fullstappa og stor stemning då handballgruppa arrangerte den årlege handballbåsaren sin.



Tips oss

Om stoff til neste
utgåve - nov 2014

Litt grått vēr la på ingen måte nokon dempar på stemninga under idrett-sleikane til Surnadal IL Friidrett. Topp stemning!
Foto: Norunn Næss Bolme



Heile 29 barn deltok då friidrettsgruppa arrangerte DnB idrettsleker i slutten av august. Foto: Norunn Næss Bolme



ort
ått

Surnadal IL Innebandy vann i fjor bedriftsserien dei spelte i. No har idrettslaget vorte medlem av bandyforbundet, og innebandygruppa, som no tel totalt 27 medlemmar, jaktar nytt gull i 2014/15-sesongen.



Sponsor i #2





Teambuilding - A laget på paintball på Kvanne tidleg på vårparten



Stas med kampar på Aker stadion! Her er det J16 som møter Molde i cupen.

GLIMT FRÅ FOTBALL 2014 ARET

Tor Inge Polden og Martin Aakvik frå G 14 har etablert seg på kretslaget denne sesongen.



SIL-regncupen 2014

Målkongen Roy Bolme putta 23 mål i sin siste sesong for Surnadal

A-laget anno 2014



Foto: Mari Vattøy

A-laget møtte Molde i cupen! Her er Stein Totalshaug i tøff duell.

Helle Vaseng vann bilen i SIL billetteri under Norsk Laksefestival



Foto: Nathan Lediard





WALL OF GAME



4. DIV - 2014



GLØD

SERIEKAMP PÅ SYLTØRAN
Surnadal-KFK
Mandag 21.04
kl 17.00
Bil. 80,-/50,- (honorar)
u/ 16 år gratis

1-3



ENGASJEMENT

SERIEKAMP PÅ SYLTØRAN
Surnadal-Vestnes/Varfjell
Onsdag 30.04
kl 19.00
Bil. 80,-/50,- (honorar)
u/ 16 år gratis

8-0



SAMHALD

SERIEKAMP PÅ SYLTØRAN
Surnadal-Midsund
Fredag 09.05
kl 19.00
Bil. 80,-/50,- (honorar)
u/ 16 år gratis

3-2



MAGI

SERIEKAMP PÅ SYLTØRAN
Surnadal-Åndalsnes
Laurdag 24.05
kl 14.00
Bil. 80,-/50,- (honorar)
u/ 16 år gratis

6-1



TEFT

SERIEKAMP PÅ SYLTØRAN
Surnadal-CFK/KBK 3
Laurdag 07.06
kl 14.00
Bil. 80,-/50,- (honorar)
u/ 16 år gratis

2-0



MOT

SERIEKAMP PÅ SYLTØRAN
Surnadal-Einesvågen
Fredag 20.06
kl 19.00
Bil. 80,-/50,- (honorar)
u/ 16 år gratis

8-0



INNSATS

SERIEKAMP PÅ SYLTØRAN
Surnadal-Frei
Lørdag 09.08
kl 14.00
Bil. 80,-/50,- (honorar)
u/ 16 år gratis

2-0



ENTUSIASME

SERIEKAMP PÅ SYLTØRAN
Surnadal-Tingvoll
Lørdag 30.08
kl 14.00
Bil. 80,-/50,- (honorar)
u/ 16 år gratis

7-0



STAYEREVNE

SERIEKAMP PÅ SYLTØRAN
Surnadal-Dahle
Laurdag 13.09
kl 14.00
Bil. 80,-/50,- (honorar)
u/ 16 år gratis

3-5



ARBEIDSMORAL

SERIEKAMP PÅ SYLTØRAN
Surnadal-Eidsvåg
Laurdag 27.09
kl 14.00
Bil. 80,-/50,- (honorar)
u/ 16 år gratis

5-1



VINNARVILJE

SERIEKAMP PÅ AMFI PARK
Surnadal-Molde3
Fredag 10.10
kl 19.00
Bil. 80,-/50,- (honorar)
u/ 16 år gratis

0-2

**NESTE
ÅR.....**

NESTE UTGÅVE:
NOVEMBER 2014

ANNONSERE TIPS TIL
I #3? STOFF?

Kontakt:
ohb@surnadalil.no
926 98 080



Ansvarleg utgjevar:
Surnadal IL
Postboks 1
6656 Surnadal